

Romanifolkets kulturminne

Rapport frå registreringar
i Tysvær kommune og Vindafjord kommune

2006



HAUGALAND
MUSEENE





Innhald

Forord	5
Innleiing	6
1. "Vikadn" i Rønnevik	9
2. Hustuft på Espevik	11
3. Hus og løe på Hustoft	13
4. Møtehuset på Finnvik	15
5. Litle Aksland i Imsland	17
6. Naust i Imslandssjøen	19
7. "Helga-huset" på Haugland	21
8. Hytte på Haugland	23
9. "Lille Haukeli" i Imsland	25
10. "Tatraholet" i Vikedal	27
11. "Fantabyen" Osen i Vikedal	29
12. "Prestaneset" i Vikedal	33
13. Haraldseidet	35
14. "Rauanaustet" i Haraldseidvågen	37
15. "Fantahidleren" på Straumastølen	39
16. "Villaen" i Nedstrand	41
17. Båthamna på Nedstrand	43
18. Husmannsstova på Silgjerd	45
19. Bolighus i Muslandsvågen	47
20. Skjoldastraumen	49
21. "Smidjeurå" på Gaupås	51
22. Gismarvik	53
23. Urdholmen	55
24. Slåttevik	57

Haugalandmuseene

Skåregt. 142
5501 Haugesund

Telefon: 52 70 93 60

Faks: 52 70 93 69

postmottak@haugalandmuseene.no
www.haugalandmuseene.no

Trykk/layout: Karmøy trykkeri

Foto på framsida:

"Villaen i Nedstrand", Tysvær kommune.

Kart på innsider av omslag: Ellen jepson

©Haugalandmuseene 2006

ISBN 978-82-994760-6-5

Forord

Haugalandmuseene starta i 2006 pilotprosjektet "Romanifolkets kulturminne på Haugalandet". Prosjektet har som mål å kartlegge hamner, overnattingsstader og møteplassar som blei brukt av romanifolket, og registrere alle stader som har namn knytta til deira kultur. Med støtte frå Riksantikvaren har vi i løpet av 2006 gjennomført registreringar i Tysvær kommune og Vindafjord kommune. Monica Nicolaisdatter Haugan har utført arbeidet.

Riksantikvaren har sett opp ei rekke kriterium knytt til kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for oppleving. Eit av desse kriteria er identitet/symbol og vert definert som kulturminne som blir viktige for menneskets kjensle av gjenkjenning og tilhøyring. Dette kan blant anna knyttast til "konkrete begivenheter eller personer som er knyttet til et sted, eller til tradisjon eller kontinuitet i bruken av området" (Alle tiders kulturminner 2001). Riksantikvaren legg vidare vekt på at romanifolkets ulike møteplassar for handelsverksemd, sosialt samver og overnatting, er viktige kulturminne (Rapport fra Riksantikvarens arbeid med minoriteters kulturminner 2006).

Registreringa av romanifolkets kulturminne er svært viktig – det kan vere med å gje nye generasjonar kunnskap, oppleving og identitet knytt til desse stadene. Gjennom ratifiseringa av Europarådets rammekonvensjon har Norge forplikta seg til "å fremme de forutsetninger som er nødvendige for at personer som tilhører nasjonale minoriteter, kan bevare og utvikle sin kultur, samt bevare de grunnleggende bestanddelene av sin identitet, det vil si deres religion, språk, tradisjoner og kulturarv" (Artikkel 5 pkt.1).

For di romanifolkets kulturminne sjeldan er synlege spor i landskapet, har denne nasjonale minoriteten vore usynleg i museums- og kulturminnearbeidet. Vi ønskjer med dette pilotprosjektet å setje søkelys på dei reisande og deira kulturminne i ein heil region. Det er tidlegare gjort lite systematisk arbeid for å skaffe oversikt over kva for kulturminne som eksisterer etter romanifolket. "Romanifolkets kulturminner på Haugalandet" er eit pilotprosjekt som kan inspirere andre til å gjere tilsvarande, og det vil på sikt sikre ein betre representativitet i utvalet av varig verna kulturminne og kulturmiljø.

Haugesund, desember 2006.

Mads Ramstad
direktør

Grethe Paulsen Vie
prosjektleder

Romanifolkets kulturminne i kommunane Vindafjord og Tysvær

Innleiing

I kommunane Tysvær og Vindafjord pregar fjordane landskapet. Frå gammalt av var Krossfjorden namnet på Vindafjord, dei fire fjordane som skjer seg inn i landet. Fjordane og ferdseilen på dei har skapt bygdene og bunde dei saman. Ferdseilen herifrå gjekk sørover til Stavanger og nordover til Bergen. I Vindafjord var det store skogar og tømmeret var etterspurt rundt heile Nordsjøen og nedover i Europa. Både Tysvær og Vindafjord hadde mange sagbruk, og her blei det bygd seglskuter fram mot slutten av 1800-talet. Store arbeidsvandringar har prega området, folk på vandring til arbeid i fiskeria, skipsbygging og anna anleggsarbeid.

Båten har vore eit viktig framkomstmiddel, samtidig som mange kom vandrane over fjellet austfrå via Røldal eller Suldal og til bygdene i Vindafjord. Nokre kom for å ta seg arbeid, andre for å selje varer. Viktige ferdselsårer på land har vore vegen frå Sauda, via Vikedal og vidare over til Ølen. Til Skjold kom ein med båt via Skjoldastraumen i Tysvær. Straumen var eit alternativ til Karmsundet lenger vest, og gjennomfarten gav liv og vekst til dette området. Vidare kunne ein dra båtane over Haraldseidet lenger nord. Her blei mindre båtar frakta med hest og kjerre heilt fram mot 1950-talet. Herifrå kunne ein segle vidare nordover Ålfjorden og mot Bergen. Denne strekninga har vore ei sentral ferdselsåre heilt frå middelalderen og fram til midten av 1900-talet.


Romanifolket har vore ein del av den norske befolkninga frå 1500-talet. Folkegruppa har felles språk, romani, dei har hatt egne tradisjonelle erverv og levemåten har vore reising, særleg i sommarhalvåret. Romanifolket som vandra i denne regionen, kom med båt, hest, kjerre, til fots og etter kvart med bil. Ei sentral reiserute har vore vegen mellom Sauda og Ropeid, og vidare ut mot bygdene Imsland, Vikedal og Sandeid. Mange har og kome vegen frå Røldal via Sand. Derifrå tok dei ferga over fjorden til Ropeid. Dei som kom reisande med båt, nytta færingar fram til andre verdskrig. Frå 1950-talet kom dei ofte i større skøyter. Dei nytta hamner og vikar frå vest i Tysvær og heilt inn i Vindafjorden. Ei viktig reiserute for dei som reiste med båt har fram til andre verdskrig vore strekninga Skjoldafjorden – Ålfjorden, via Haraldseidet. Frå 1950-talet, då båtane blei større, gjekk reisa via Karmsundet og over Sletta.

Romanifolket som budde og reiste i båt, blir omtala som dei

"båtreisande". Elles blir nemningane romanifolket eller "reisande" nytta. Dei båtreisande hadde faste møteplassar på ferda nordover eller sørover langs kysten. Dei var innom vikar, holmar og kaier der dei kunne treffe vener og kjende, og dei overnatta i båten, i naust eller dei slo opp telt på land. Romanifolkets hamner og ulike møtestader har vore brukt i fleire generasjonar. Dei som kom landevegen til fots, på sykkel eller med hest og kjerre, har overnatta i løer, husmannstuer, forsamlingshus eller telt på gode leirplassar.

Nokre av stadene som er registrert, har namnet "fant" knytt til seg, slik som "Fantahidleren" i Nedstrand. Vi kjenner ikkje alltid til konkrete historier om bruk av desse stadene, men det har likevel vore viktig å registrere desse stadene, fordi ein kan rekne med at bruken har vore knytt til romanifolkets kultur og vandrande livsstil. Det er ikkje uproblematisk å bruke ordet "fant" i dag, denne nemninga var eit skjellsord og blei oppfatta som stigmatiserande av romanifolket. Men vi vel å ta med desse namna og stadene i rapporten for at dei ikkje skal forsvinne ut av det kollektive minnet. Dette er informasjon som mange eldre menneske kjenner til, men som i mange tilfelle vil døydde ut med dei.

Informasjonen som er samla inn, er i hovudsak basert på munnlege kjelder. Det er ein kombinasjon av opplysningar frå romanifolket/reisande som me har vore i kontakt med undervegs i prosjektet, og fastbuande som kjenner dei lokale namna og den lokale historia godt.



Vindafjord kommune

1.

"Vikadn" i Rønnevik. Gards- og bruksnummer 99.1, Vindafjord kommune.

Hamn

Beskriving av kulturminnet:


"Vikadn" er ei trong bukt nedom garden Rønnevik. Der ligg det eit naust, og det er lett å kome til med båt. "Vikadn" ligg i ly av ein bergvegg, og i sørvestleg retning ser ein over mot Ropeidhalvøya.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel om besøk av ein større familie med skøyte som la til nede i "Vikadn" aust for garden Rønnevik på midten av 1920-talet. Familien overnatta i båten. Faren i familien gjekk rundt på gardane på dagtid og reparerte kopparkjelar. Det blir og fortalt om andre reisande som var innom denne staden. Blant anna var det reisande som overnatta på låven på garden Rønnevik.

Bruk av kulturminnet i dag:

"Vikadn" blir i dag brukt til bade- og båt plass.



Kartgrunnlag Copyright GEOVERST. Tillatelsesnummer: GV-4-11/MAD 12002R127454

Hustuft på Espevik. Gards- og bruksnummer 99.2, Vindafjord kommune.

Hustuft

Beskriving av kulturminnet:


Hustuftene på Espevik ligg ca. 20 min. gange frå garden Rønnevik i nordvestleg retning. Her var det tidlegare beiteland for sau. Her ligg berre tuftene igjen etter eit hus som ein gong stod der. Det blei flytta i 1936. Store grantre står no tett i tett rundt hustuftene.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel at fram til 1935 budde det ei kvinne i huset som opna heimen sin for dei reisande. Det var særleg ei romanikvinne som kom dit i fleire år. Romanikvinna selde sysaker og blonder. Huset er no flytta og ligg i dag på Liabø.

Bruk av kulturminnet i dag:

Området blir i dag brukt til skoging.



Hus og løe på Hustoft. Gards- og bruksnummer 97.3 og 97.16 i, Vindafjord kommune.

Overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet:


Huset og løa ligg sør for riksvegen.

Opplysningar om kulturminnet:

Informantane fortel om fleire besøk av reisande etter andre verdskrig. Så seint som i 1965 fekk ein reisande mann bu i huset på garden. Det var særleg ein mann som kom igjen år etter år. Han fekk sove i løa, på "høytoftå", som han kallar det. Om dagane sat den reisande i løa og laga kostar og tvorer. Mannen skal ha blitt godt teken imot, og han fekk mat av gardsfolket. På garden ligg det i dag takke-gåver frå dei reisande i form av stålvispar og flanellograf-bilete.

Bruk av kulturminnet i dag:

Huset står tomt, men løa og eit anna hus på Hustoft blir brukt til ferieføremål.



Overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet:


Møtehuset ligg inne på tunet til garden Finnvik. Garden Finnvik ligg sør for riksvegen mellom Ropeid og Kvaløy. Huset, som er bygd i treverk, er frå 1934. Huset er blant anna nytta til bedehus.

Opplysningar om kulturminnet:

Etter andre verdskrig kom det fleire reisande innom Finnvik-garden. Informanten fortel at dei reisande var interesserte i ku- og hestehalar. Elles var dei reisande flinke med å "sinkla" steintøy, dei tredde messingtrådar gjennom knust steintøy. Dei skal og ha fortinna kopar-kjellar og dei tekte takrenner i sink og blikk. Informanten hugsar at det i 1968 kom eit fylgje med reisande til garden Finnvik i Imsland. Sjølv hadde han vore ute på fiske, og gjorde klar sei og lyr då fylgjet kom inn på tunet. Dei reisande hadde ikkje anna enn beremeis til å frakte alt det dei hadde med seg for sal: det var vispar, kostar og nåleputer. Dei fekk sove i møtehuset på garden. Informanten hugsar at dei reisande tala østerdalsdialekt. Det siste besøket skal ha vore i 1969.

Bruk av kulturminnet i dag:

Møtehuset/bedehuset blir i dag ikkje brukt til noko særskilt.





Litle Aksland i Imsland. Gards- og bruksnummer 91.1, Vindafjord kommune.

Beitemark for hestar og overnattingstad

Beskriving av kulturminnet:


Garden Litle Aksland, ligg på sørsida av riksvegen, like etter tunnelopninga når ein kjem frå Ropeid. Ein ser ut mot Vindafjorden derifrå, og det er gode beitemarker der.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel at på Litle Aksland fekk dei reisande overnatte, dei fekk mat og hestane fekk stell og ly for natta. På denne garden hadde dei "eit stort hjarte", seier han. Det hende og at dei reisande fekk la hestane sine gå på sommarbeite på Aksland. Fleire av familiane skal ha tala sørlandsdialekt. Det var ofte dei same familiane som kom igjen år etter år, og informanten hugsar namnet på nokre av familiane.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag blir garden brukt til vanleg bustad.





Naust i Imslandssjøen i Vindafjord kommune.

Overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet:


Imslandssjøen er ein gamal handelsstad med mange naust som ligg tett i tett attmed sjøen. Kjem ein frå Ropeid, tek ein ned til venstre mot kyrkja. Etter eit par kilometer med svingete og bratt veg, kjem ein ned til sjølve staden. Imslandssjøen var fram til 1960-talet ein viktig handelsstad med post, telefoni, bakeri, krambu og anløp av passasjer- og fraktebåtar.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel om to reisande som kom nedom før krigen for å selje varene sine. Dei fekk mat hos ein familie som budde litt lenger oppe i bakken, og fekk sove i eit naust nede ved Imslandssjøen. Paret hadde med seg born på reisa.

Bruk av kulturminnet i dag:

Fleire av nausta nede ved Imslandssjøen er i dag restaurerte. Dei fleste av husa nede ved sjøen blir i dag brukt til ferieføremål.



○

"Helga-huset" på Haugland Nedre. Gards- og bruksnummer 79.1,
Vindafjord kommune.

Overnattingsstad og bolighus

Beskriving av kulturminnet:


Huset ligg på garden Haugland Nedre, nord for Ølmedalsvatnet. Huset ligg fint til på eit gardstun, der uthusa er bygd opp i teglstein.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel at fleire reisande har overnatta i dette huset. Informanten fortel og at ein familie skal ha budd her før krigen.

Bruk av kulturminnet i dag:

"Helga-huset" blir leigd ut til ferieføremål. Uthusa blir ikkje brukt.





Hytte på garden Haugland. Gards og bruksnummer 78.1, Vindafjord kommune.

Hytte – brukt som bolig

Beskriving av kulturminnet:


Hytta ligger like nord for Ølmedalsvatnet, på venstre side av vegen.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel om ein familie som budde i denne hytta på 1950-talet, i ein periode på 2-3 år. Det var ein familie med far, mor og eit barn. Om dagane gjekk faren rundt på gardane med ein koffert for å selje trådsneller, kammar, vispar og steintøy.

Bruk av kulturminnet i dag:

Hytta blir i dag leigd ut til turistar.





"Lille Haukeli" i Imsland. Gards- og bruksnummer 72.1, Vindafjord kommune.

Ferdselsåre og kvileplass

Beskriving av kulturminnet:


"Lille Haukeli" er et høgdedrag som ligg mellom bygdene Imsland og Hogganvik. Garden Røed ligg like ved høgdedraget, sør for riksvegen.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel at dette var ei sentral ferdselsåre for dei reisande, enten på veg mot Ropeid eller mot Vikedal. Informanten fortel at han hugsar dei reisande, der dei gjekk etter vegane. På 1950-talet blei det meir vanleg å sjå reisande i bil. Det var vanlig at dei reisande kom innom på garden Røed for å ta seg ein kvilepause.

Bruk av kulturminnet i dag:

Garden Røed blir i dag driven som skogsgard.





"Tatraholet" i Vikedal. Gards- og bruksnummer, 67.5, Vindafjord kommune.

Overnattingstad og rasteplass

Beskriving av kulturminnet:

"Tatraholet" er ei hule som ligg på eigedommen til garden Søndena. Kjører ein i retning Vikedal, tek ein vegen ned til venstre mot tømmerkaia, ca. 1,5 kilometer før Vikedal sentrum. 50 meter ned vegen, går ein så inn til venstre i tett granskog. Hula ligg rett nedom riksvegen og er danna av store flate steinheller. Ein finn ein god sittestein der inne. Rundt hula veks det tett granskog.

Opplysningar om kulturminnet:

Fleire i Vikedal kan fortelje at denne hula blei brukt som overnattingstad og rasteplass av dei reisande, og då av dei som vandra etter vegen. Hula må vere gamal, og eldre enn vegbygginga som tok til på byrjinga av 1900-talet. Ein informant kan hugse at det var særleg arbeid med blekk dei reisande utførde.

Bruk av kulturminnet i dag:

Hula er i dag ein plass mange har høyrd om, men ikkje finn fram til, delvis grunna tett granskog.



Hamneområde og møtestad

Beskriving av kulturminnet:

Osen ligg ved utløpet av Vikedalselva. Dette området blei kalla "Fantabyen" av lokal-befolkninga. I dag er det bygd ut ein stor molo der det tidlegare var ei mindre kai.

Hamna grensar til stranda og campingplassane.

Opplysningar om kulturminnet:


Informantane kan fortelje om stor aktivitet nede i denne hamna. Det kom båtreisande hit med skøyten sine, som dei la ved kaia nede i Osen i mellomkrigstida. Ein informant fortel om store fylgje med reisande, som kom landevegen, opptil 10-15 ilag. Desse store fylgja hadde alltid hest med seg. Ungane som budde nede i Osen gledde seg til desse fylgja kom, for då blei det song og musikk uti dei seine nattetimar. Dei reisande spelte på toradar og gitar og song svært fint, fortel han. Dei selde vispar og kostar, men slipte óg knivar. Dei tala ofte østlandsdialekt. Informantane kan hugse namna på fleire av dei reisande, som kom att år etter år. Det var særleg om våren dei kom.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag er båthamna i Osen rusta opp, og blir brukt til fritidsbåtar og til festivalområde.







Teltplass

Beskriving av kulturminnet:


Prestaneset ligg på austsida av Vikedalselva, og på vestsida av vegen som går opp mot Vikedalsdalen. Neset hører til Prestegarden, Fram til 1957 låg det en skule sørøst for neset, som heitte Hallingstad skule. Skulen er i dag riven.

Opplysningar om kulturminnet:

Her kan ein informant fortelje at dei reisande slo seg ned på Prestaneset med telt i lengre tid. Ho gjekk sjølv på Hallingstad skule, og ho kunne sjå teltleiren frå skulen. Mange av dei reisande hadde hest med seg.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag blir området brukt til jordbruk.



Dragseid for båtar

Beskriving av kulturminnet:

Haraldseidet er eidet mellom Isvik og Haraldseidvågen. Det er eit gammalt dragseid for båtar som har vore nytta i fleire hundre år. Det går veg over eidet.


Opplysningar om kulturminnet:

Den skriftlege dokumentasjonen på båtdraginga over Haraldseidet går tilbake til 1700-talet. Frå 1600-talet finst det fleire gamle kart med "Harelds-eid" innteikna. Så vidt vi veit, har det vore allmenn bruk av eidet frå 1600-tallet og fram til midten av 1900-talet.

Ei fast reiserute for romanifolket på veg nordover eller sørover var Ålfjorden-Haraldseidvågen-Isvik-Skjoldafjorden. Det var mange som ikkje ville segle over den værharde Sletta, så den indre leia blei mykje brukt. Det var vanleg å leige ein bonde som trekte båtane over med hest og høyslede. Ein informant kan fortelje at han var med å kjøre båtane til dei reisande over eidet til Isvik, slik at dei kom seg vidare ned Skjoldafjorden og mot Skjoldastraumen. Det var faste familiar som kom til Haraldseidvågen kvart år. Nokre familiar fortsette å komme helt til slutten av 1940-tallet. Romanifolket bidrog til å halde trafikken oppe over dette dragseidet, og dei var nokre av dei siste som fekk båtane sine kjørt over eidet med hest og slede.

Bruk av kulturminnet i dag:

Dragseidet er enno i bruk. I dag blir det kjørt kanoar over med bil og tilhengar. Det er gjerne folk som er på langtur med kano, som brukar dette dragseidet i dag, i staden for å padle over Sletta.



○

"Rauanaustet" i Haraldseidvågen. Gards- og bruksnummer 52.7-13,
Vindafjord kommune.

Overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet


Naustet ligg på austsida av Haraldseidvågen, på veg ut mot Vikebygd. Rauanaustet er 200 år gammalt naust, bygd av stein og tre. Rauanaustet har blitt brukt til oppbevaring av hummarteiner og fiskegarn.

Opplysningar om kulturminnet

Haraldseidvågen var ein stad der ein ofte kunne møte reisande, og det var vanleg at dei lånte naust som overnattingsstad. Informanten fortel at dei båtreisande ofte fekk overnatte i "Rauanaustet" på ferda mellom Bergen og Stavanger. Nokre budde i båten om sommaren og brukte seglet som tak. Det var stor aktivitet her i åra før andre verdskrig. Dåw kom dei reisande med robåtane sine, la til kai, tok seg ein tur innom krambua, og gjekk så rundt for å selje vispar rottefeller og blekkspann. Familiane som kom, skal ha hatt fleire ungar med seg, og det var faste familiar som kom kvart år. Informanten hugsar særleg ein stor familie med fleire generasjonar som reiste ilag og som hadde robåt. Dei slutta å komme då andre verdskrig braut ut.

Bruk av kulturminnet i dag:

Det blir i dag brukt til oppbevaring av hummarteiner og fiskegarn.



Tysvær kommune

15.

"Fantahidleren" på Straumastølen. Gards- og bruksnummer 195.1, Tysvær kommune.

Overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet:

Hidlaren ligg i sørenden av ei nydyrka mark i høgdedraget mellom gardane Amdal og Ringja. Hidlaren er danna av store steinmassar og er djup og romsleg.


Opplysningar om kulturminnet:

Ein informant fortel at denne hidlaren blei nytta som overnattingsstad for reisande.

Tidlegare gjekk stien mellom Ringja og Amdal rett forbi denne hidlaren. Det er fleire nemningar i området kring hidlaren som tyder på at dette har vore eit område dei reisande har vandra i. Kjem du frå garden Ringja, kallast området ved oppstiginga "Fantabakkjen", før du kjem opp på "Fantaberget" og vidare ut på "Fantaflatå". Frå berget ser du rett ned i hidlaren. Den er romsleg og djup, ca. 10 m2 og her er god plass å opphalde seg på. Dei som søkte ly her, skal ifølge informanten ha snekra ein vegg framom holeopninga. Det ligg enno eit bord igjen ved inngangen, som kan vere frå denne veggen.

Bruk av kulturminnet i dag:

Hola blir ikkje brukt til noko i dag.



"Villaen" i Nedstrand, Tysvær kommune.

Overnattingsstad vinterbolig.

Beskriving av kulturminnet:


Kjører ein 2 kilometer austover ut av Nedstrand sentrum, kjem ein til Stranda skule. Nedom skulen, på venstre side av vegen, ligg det som blei kalla og framleis i dag går under nemninga "Villaen". Dette vesle huset ligg under garden Øverland.

Opplysningar om kulturminnet:

Ein informant fortel om romanifamiliar, både før og etter andre verdskrig, som kom med båtar til Nedstrand. Båtane, ofte skøyter, la til nede i hamna i Nedstrand. Dei kom kvart år for å bu i "Villaen", gjerne vinteren over. "Villaen" hadde på denne tida to rom - kjøkken og stove. Villaen ligg tett ved vegen, og dei som gjekk forbi fekk difor eit lite innblikk i dei reisande sin kvardag. Det var ikkje lett å vere barn av reisande familie, fortel informanten. Ungane blei ofte erta. Det var mange typar handverk og salsvarer dei reisande kunne by på, både dei som budde i "Villaen", men óg dei som låg nede ved hamna med båtane. Det var vispar, sleiver, tvorer av tre og andre varer av metall. Dei kunne og tilby sytråd, nåler og strikkepinnar. Dei ynskte ofte å byte desse tinga inn i flesk og kjøt, egg, mjøl, poteter og grønsaker. Dei var og interesserte i ku og hestehale, garn og ull. Vispane til dei reisande på Nedstrand var etterspurde, fordi dei var laga av pianotråd, noko som gjorde fløytekremen lett og luftig. Bakeriet kjøpte dei inn og vart namngjeten for fløytekremen sin.

Bruk av kulturminnet i dag:

Huset blir i dag brukt til lagring av ved.



Båthamna på Nedstrand, Tysvær kommune.

Hamneområde

Beskriving av kulturminnet:


Denne hamna har alltid vore nytta av både store og små båtar. Her finn vi frå gammalt av namn som "Ådlandskaien", "Vindafjordkaien" og "Lensmannsbrygga". Hamna ligg godt beskytta for vind og vêr av holmar og viker.

Opplysningar om kulturminnet:

Informantane fortel om skøytene til dei reisande som låg tett i tett nede i hamna i Nedstrand, både før og etter krigen. Dei båtreisande tok takrennene ned på hamna for å tekke/lodde dei der. Mange låg her med båtane sine vinteren over.

Bruk av kulturminnet i dag:

Hamna har i dag anløp av hurtigbåtane mellom Stavanger- Sauda og Stavanger-Sandeid, og blir elles brukt av ferie og fritidsbåtar.



Husmannsstova på Silgjerd. Gards- og bruksnummer 151.6, Tysvær kommune.

Overnattingsstad og bolighus

Beskriving av kulturminnet:


Husmannsstova ligg under garden Silgjerd. Husmannsstova ligg nokre hundre meter nordaust for garden Silgjerd. Stova hadde frå gamalt av eit påbygd fjøs, som ei forlenging av sjølve huset. Då dei reisande budde her, var fjøs-delen av stova rive.

Opplysningar om kulturminnet:

Informanten fortel om reisande som i lengre tid budde i denne stova. Dei reisande laga takrenner i blikk og sink. Familien som budde her, nytta kjellaren i det nybygde huset på sida av husmannsstova til dette arbeidet. Mange av husa i området har enno takrenner som er laga av dei reisande.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag blir stova brukt til ferieføremål.



Bolighus i Muslandsvågen. Gards- og bruksnummer 152.8, Tysvær kommune

Bolighus

Beskriving av kulturminnet:


Huset er eit bolighus i halvannan etasje. Det ligg under garden Leiranger i Muslandsvågen.

Opplysningar om kulturminnet:

Dette huset kjøpte Stord kommune til ein reisande familie 1956. Dette var ein stor familie med 7 barn. Familien blei ikkje godt motteken av bygdefolket, og dei fastbuande ynskte at dei skulle flytte. Dei flytta før det hadde gått tre år.

Bruk av kulturminnet i dag:

Huset blir i dag brukt til bustad.



Gjennomfartsåre og overnattingsstad

Beskriving av kulturminnet:


Skjoldastraumen, eller berre Straumen som ein sa frå gammalt av, har i lang tid vore ei sentral gjennomfartsåre. Det er eit trengt sund med sterk straum og sluser for båtane.

Opplysningar om kulturminnet:

Ein informant fortel om reisande som kom med hest og kjerre til Straumen. Dei selde sytråd, nåler og stålvispar. Dei kom ofte mange ilag, fortel ho. Dei kom stort sett på seinhausten og fekk overnatte i uthus og løer. Ein annan informant fortel om reisande som budde nede ved sjøen i Straumen ved Vegenden i eit lite hus. Det er rive no. Plassen gjekk under namnet Smidjeurå. Dette namnet finn ein og høgare opp i bygda. Ein tredje informant fortel om ein reisande mann som fekk bu på garden hans i løa, at han fekk mat der og at han underheldt med munnspele.

Bruk av kulturminnet i dag:

Skjoldastraumen er i dag ei travel gjennomfartsåre, der det er lite spor av små hus og naust kor dei reisande skal ha overnatta.



"Smidjeura" på garden Gaupås. Gards og bruksnummer 8.5, Tysvær kommune.

Staden der Petter Strømsing blei fødd

Beskriving av kulturminnet:

Smidjeura ligg ute på grasbakkene under garden Gaupås. Ein kan i dag ikkje sjå spor av hytta som stod i Smidjeura, då området har blitt planert ut, og nye hus og uthus har fått plass.

Opplysningar om kulturminnet:

I hytta som stod her blei den kjende spelemannen Petter Strømsing fødd i 1759. Petter var av ei stor reisande slekt som gjekk under namnet "Vardalsfølget", eller bare "Vardølane". Sagnet seier at familien hans skal ha kome farande med båt til Skjoldastraumen og fått sett seg opp ei hytte der. Faren til Petter, Rasmus Jensen Vardal, var gjørtler, og plassen der hytta stod blir kalla Smidjeura. Familien brukte hytta som ein base og reiste herifrå rundt i distriktet for å ernære seg av handverket sitt. I 1746 flytta familien vidare til Sirnes i Sirdalen. Da var Petter Strømsing fem år gamal. Namnet fekk han fordi garden ligg i nærleiken av Straumen. Hans fulle namn var Petter Christian Rasmussen og han vart døypt i Skjold kyrkje den 26. november i 1759. Petter blei med åra ein namngjeten spelemann.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag er det ikkje synlege spor etter hytta der Petter Strømsing blei fødd. Området er i dag beitemark.

Kai og møtestad

Beskriving av kulturminnet:


Gismarvik ligg heilt sør på halvøya mellom Førlandsfjorden og Førdesfjorden. Staden ligg godt beskytta av Halsaneset som ligg rett utom. Vidare sørover ser ein mot Ognøy og Bokn.

Opplysningar om kulturminnet:

Gismarvik har vore ei god hamn for dei båtreisande, med kai, forretning og dieselpumpe. To informantar av reisande slekt, har skildra denne staden som ein møteplass, der dei reisande samla seg med båtane sine inst i vika. Det låg mange båtar her, og dette skildrast med nemninga å ligge "tau mot tau". Dei vaksne gjekk rundt på gardane og tok opp bestilling på takrenner, og barna nytta dagane til å leike.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag er Gismarvik ei hamn med fritidsbåtar, hus og hytter. Butikken, som låg heilt nede ved kaia, blei lagt ned for få år sidan.



Urdholmen i Tysvær kommune.

MøtestadBeskriving av kulturminnet:


Urdholmen ligg ytst i Førlandsfjorden. Ein kan sjå Holmen frå riksveg E-39 på veg mot Stavanger.

Opplysningar om kulturminnet:

Urdholmen var ein samlingsstad for dei reisande. Der var dei innom for å treffe andre reisande, som slekt eller vener. Det var og ein stad dei reisande kunne slappe heilt av og berre ha fri. Vi veit at Urdholmen blei brukt fram mot 1960-talet.

Bruk av området i dag:

Urdholmen blir ikkje brukt til noko spesielt i dag.



Kai og møtestadBeskriving av kulturminnet:

Slåttevik ligg like ved riksveg E-39 på veg mot Stavanger, ikkje langt frå munningen av Førlandsfjorden.

Opplysningar om kulturminnet:

Mange reisande drog til kaia i Slåttevik der det var landhandel og varer å få kjøpt. Dei gjekk rundt på gardane og tok opp bestilling på tekking av takrenner.

Bruk av kulturminnet i dag:

I dag blir hamna i Slåttevik brukt til fritids- og fiskebåtar. Det er enno butikk på kaia.

Litteratur:

Alle tiders kulturminner. 2001. Riksantikvaren.

Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter.
Vedlegg i St. prp. Nr. 80 (1997-1998).

Johnsen, Svein, 1998. Petter Strømsing og Strømsing-tradisjonen.
I Årbok for norsk folkemusikk 1998. Norsk Folkemusikk- og Danselag.

Rapport fra Riksantikvarens arbeid med minoriteters kulturminner 2006.
Midlertidig versjon



ISBN 978-82-994760-6-5